

Vekeplan 2. trinn – veke 3 12. - 16. Januar 2026

Informasjon

- Dersom de har ei ekstra klokke heime som de ikkje er redd for - la eleven få låna denne og ha han på seg på skulen. Me jobbar mykje med klokka og det hadde vore fint om dei lærte seg dette med heil og halv time. Me prøver å hugsa at det er 60 minutt i 1 time og 60 sekund i 1 minutt. Me jobbar litt med kvarter (kvart på og kvart over) og at eit kvarter er 1 av 4 "delar" på klokka, der kvar del er på 15 minutt. Me veit at dette med klokka tek lang tid og at det er vanskeleg for mange - derfor treng me hjelp frå dykk heime.
- Hugs gode, varme klede no når det er så kaldt ute.
- Det kan vera at det blir tur heile dagen på onsdag. Dersom det blir så vil de få ei melding om dette i Visma.

MÅL

Norsk	Eg kan skriva ei setning med meir enn 5 ord.
Matematikk	Eg veit at ei analog klokke har visarar og digital klokke har tal.
Sosialt	Eg er ein god friminuttvenn.

Lekser

Til tysdag	Norsk: Les  (månetekst) side 68 i Salto høgt 3 gonger for ein vaksen. Dei som klarer det, les både  og  side 68. Kanskje nokon klarer sol teksten på side 69? Matematikk: Ark i raud lesemappe: Kva er klokka? (2 sider) Set strek til rett klokke. Hugs Målprøvehefte med underskrift!
Til onsdag	Norsk: Skriv øveordene så fint du kan på eige ark i den raude lesemappa. Sett ei stjerne over det finaste ordet du har skrive. Matematikk: Ark i raud lesemappe: The time is..... Her er bilete av analoge klokker. Du skriver den digitale klokka under den analoge. Hugs at kvart over 5 = 17:15 og kvart på 6 = 17.45
Til torsdag	Norsk: Skriv 4 setningar med øveorda i den raude boka di med <u>eit hus</u> på. Hugs stor bokstav i byrjinga av ei setning og punktum til slutt. Hugs at du skal skrive minst 5 ord i kvar setning. Les "Leseflytark" i lesemappa 3 gonger høgt for ein vaksen. Skriv setninga fint på arket. Hugs rett plassering i bokstavhuset og ring  rundt det høgfrekvente ordet. Signer på arket.
Til fredag	Norsk: Les  (månetekst) side 72 i Salto høgt 3 gonger for ein vaksen. Dei som klarer det, les både  og  side 72. Kanskje nokon klarer sol teksten på side 73? Munnleg oppgåve i matematikk: Bruk det du veit om subtraksjon når du løyser oppgåvene under her. Forklar til ein vaksen korleis du tenkjer. $18 - 12 =$ $46 - \underline{\quad} = 30$ $\underline{\quad} - 10 = 8$ Hugs å øva godt på øveorda - både skriftleg og munnleg. Hugs gymklede og dusjeting.

	ØVEORD				
øy	gøy	tøy	støy	trøye	bøye

	tid	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
1	08.15-09.15	Norsk	Norsk	Norsk	Norsk	Norsk
	09.15-09.45	Norsk	Naturfag	Engelsk	Samfunn	Engelsk
	09.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
2	10.00-11.00	Matematikk	KRLE	Matematikk	Musikk	Gym
	11.00-11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
	11.15-11.40	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
3	11.40-12.40	Stasjonar	Matematikk	Uteskule	Matematikk	Kunst og handverk
	12.40-13.10		Olweus			

